

Medan ein ventar på ei avgjerd frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane om ei eventuell ny hytte for Thomas Fjelland Eide ved Mannsvatnet, har kommuneadministrasjonen handsama ei anna og atskillig mindre hyttesak same staden.

Det er ein søknad frå Ragnar Vågen i Åkra om å få setja opp eit tilbygg til hytte på 6 kvadratmeter. Tilbygget skal romma ved og redskapar.

Kommunen har ingen innvendingar mot tilbygget og det ligg heller ikkje føre merknadar frå naboar og gjenbuarar.

Tiltaket er i samsvar med avstandskrava til nabogrense, annan bygning, høgspenline og veg og har god utforming i høve til rimelege estetiske hensyn.